



NR 4, 2021 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 89. ÅRG

*Det hev ei rose sprunge
ut av ei rot så grann.*

Som fedrane hev sunge:

Av Isaís rot ho rann,

og var ein blome blid

midt i den kalde vinter

ved mørke midnattstid.




Foto: Geir Sørebo

God jul!

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebo, Karl Hjelmeland, Andreas Ester.
Layout: Bjørnar Otterstein

Pengegaver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 716593

Trykk/oppsett: Husabø Prenteverk

Fred på jorda i jula 2021!

Var ikkje pandemien over? Men fleire europeiske land – blant anna Nederland og Tyskland – opplever for tida dei høgaste smittetalla nokon gong. Fleire norske kommunar, deriblant Bergen kommune, vurderer nye tiltak. Samstundes vart førre laurdag klimakonferansen i Glasgow avslutta med ei slutterklæring. Håpet om at global oppvarming skal stanse på 2 eller helst 1,5 grader lever, men det var ein «skjør seier», uttalte kimatoppmøtets leiar, Alok Sharma. Både covid 19 og klimaoppvarming er globale fenomen som har påverka oss i Norge dei seinaste år, og kjem til å påvirke oss vidare i høgaste grad. Som samfunn og på individnivå. Framtidsutsiktene er meir usikre. Ein gong til går vi litt ettertenksamt jula i møte. Engelen i juleevangeliet forkynner: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket!» Og engelhæren lovar Gud og syng: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Korleis feirar vi jul dette året 2021? Til vanleg så er julefeiring full av kjære gamle tradisjonar som har blitt gjentatt kvart år i fleire generasjonar. Men kan vi sjå heilt bort frå det som skjer rundt oss i denne juletida og skapar bekymring? Er det greitt å hyggje seg heime med familien, ete pinnekjøtt og høyre på dei finaste julesalmane? Og lukke døra til omverda?

Juleevangeliet er ein bodskap om glede og fred for heile jorda. For menneske ute i kulda. Utsette og usikre. For dei som ikkje opplever fred. Ein bodskap om fred for flyktingar frå Syria og Afghanistan ved grensa mellom Kviterussland og Polen. Ein bodskap om glede og håp for oss som i samanlikning er privilegerte i ein komfortabel situasjon, men meir enn før bekymra for framtida. Eg håpar alle kan få oppleve litt av julefred! Og vi som kyrkje vi vere med på å skape glede og fred i alle sokn i kommunen vår.

Andreas Ester prest

www.kyrkja/hovanger/
www.facebook.com/kyrkjaihovanger/
www.instagram.com/kyrkjai/

Høyanger kyrkjekontor

Dalevegen 4. Pb. 159
6991 Høyanger
Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Adm. sekretær: Katarina Vattekar

Jobbmobil: 40 45 86 49
E-post: KV333@kyrkja.no

Prost: Knut Magne Nesse

Brendøyvegen 26, 6906 Florø
Mobil: 91 71 32 75
E-post: knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:

Andreas Ester, 6947 Lavik
Mobil: 45 22 17 37
E-post: AE639@kyrkja.no

Sokneprest Lavik og Bjordal/Ortnevik

Karl Hjelmeland, Lavikdalsvegen 801,
6947 Lavik, Mobil: 95 40 80 48
E-post: KH882@kyrkja.no

Kyrkjelydspeagog: Toril Lange,

6947 Lavik
Mobil: 92 2409 66
E-post: TL646@kyrkja.no

Kyrkjeveerje: Bjørnar Otterstein

Kyrkjekontoret i Høyanger
Telefon kontor: 57 71 41 00
Mobil: 91 76 38 03
E-post: BO446@kyrkja.no

Kantor: Gerda Otterstein

6993 Høyanger
Mobil: 94 18 67 09
E-post: GO985@kyrkja.no

Leiarar av sokneråda:

Høyanger: May-Wenche Fossmark 90 53 90 02
Kyrkjebø: Sturla Bell Fossen 99 49 47 45
Lavik: Toril Lange 92 24 09 66
B og O: Sissel Sørebo 91 68 93 81

Leiar kyrkjeleg fellesråd:

May-Wenche Fossmark 90 53 90 02

Kyrkjetenarar

Høyanger: Heike Müller tlf. 99 39 84 97
Kyrkjebø: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77
Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77
Lavik: Bjarne Hellebø tlf. 97 75 10 21
Olav Hellebø tlf. 90 08 49 12
Audun Engedal tlf. 41 56 36 28
Bjordal: Norvald Bjordal tlf. 97 12 57 33
Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40

EI KROPPSLEG JUL

Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vêt og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleve slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli godt mottatt.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så la oss møte han slik. Difor håpar eg at du som

les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølv dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vêt trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ein glad og velsigna jul!



Halvor Nordhaug, Biskop i Bjørgvin

Jul på Sjømannskyrkja

Jula er ei spesiell tid for dei fleste. Ho kallar fram minner, kjensler og stemningar som kanskje ikkje er like sterke til vanleg. Også på sjømannskyrkjene er jula ei viktig høgtid. Erfaringa mi er frå Lanzarote og Gran Canaria for nokre år sidan. Noko av det typiske med jula på sjømanns-kyrkja er at det gjerne er ei litt anna gruppe som samlast då enn elles. I desse Sydenkyrkjene er det ein ganske stor kontingent med pensjonistar som bur der heile hausten og vinteren. Mange av desse dreg heim til jul. I staden for kjem det mange som berre feirar jul og nyttår i Syden. Dei er ikkje så opptekne av julefeiring generelt. Ein del av desse har heilt medvite reist til varmare strøk for å reise ifrå den tradisjonelle jula heime. Det finst ein del menneske som ikkje synest jula er den beste tida på året. Nokre har nyleg opplevd samlivsbrot eller andre ting som gjer at ei annleis jul er å føretrekkje. Andre er på julebesøk hos foreldre eller andre familiemedlemmer som bur meir eller mindre fast på Kanariøyane. Og andre igjen tek borna med seg for å oppleve sol og varme fordi det er då dei har fri og anledning til det.

Men trass i at mange ikkje er så opptekne av julefeiring, er det eitt viktig unntak, nemleg julaftan. Den dagen er det mange som set stor pris på å samlast ein stad til fellesskap med norske juletradisjonar.

På Gran Canaria blir den katolske kyrkja som vi får låne, fylt til randa på to gudstenester. Til saman kan det vere 1100 menneske på julaftansgudstenestene. Etterpå er det tradisjonell julefeiring på Sjømannskyrkja med julesongar, juleevangeliet, og deilig julebakst. Nokre stader serverer kyrkjene full julemiddag, då med påmelding. I mi tid på Kanariøyane begrensa vi det til kaffe og kaker, men då ope for alle og ein kvar.

Eitt av mine sterkaste og beste minne frå julekvelden var då vi til slutt gjekk rundt juletreet ute under stjernehimelen. Det var gjerne så fullt av folk at det var ikkje råd å få plass rundt treet inne. Desto meir stemningsfullt og høgtideleg var det å ta kvarandre i hendene og synge julesongane under stjernene.



For dei som er interesserte i den lokale julefeiringa i det kanariske samfunnet er det mykje fint å sjå og oppleve. **To ting kan nemnast:**



1. Julekrybbene.

Mange kyrkjer/kyrkjelydar og byar/landsbyar lagar fantastiske julekrybber. Ofte er det ei blanding av kanarisk kultur og miljø, og den bibelske forteljinga. I mange høve er det nærmast ein konkurranse om å ha den finaste julekrybba. Ei av dei mest storslåtte finn ein i landsbyen Yaiza på Lanzarote. Ein pensjonert kommune-

ingeniør har i mange år vore primus motor med kommunal støtte. Grunnarbeidet blir gjort med gravemaskin og heile øya blir laga i miniatyr. Midt inne i dette blir juleevangeliet plassert. Ei anna spesiell julekrybbe er på den store Canteras-stranda i Las Palmas. Ein kan vandre inne i julekrybba, og alt er laga av sand.

1. Julespela. Eitt av julespela blir arrangert om kvelden 1. juledag i landsbyen Veneguera på Gran Canaria.

Får du nokon gong anledning, så få med deg det. Det startar med ei familiegudsteneste i den katolske kyrkja. Det sist fødte barnet i landsbyen er Jesus-barnet og foreldra er Josef og Maria. Dei sit framme i kyrkja. Etter gudstenesta blir Maria og barnet henta med esel og ført gjennom landsbyen til eit kulturelt visningsområde for kanarisk kultur. Der er også stallen og dyra der den heilage familien tek plass. Så vandrar alle som kjem i store mengder gjennom heile området og får demonstrert kanarisk handverk, og så passerer dei også stallen med Jesusbarnet. Ei uforgløyemeleg oppleving i den mørke vinterkvelden. Som lesarane sikkert forstår så er jul i Syden og på Sjømannskyrkja ei annleis, men på mange måtar ei berikande oppleving!



Tekst og foto: Karl Hjelmeland

Min julesalme

Eg er oppmoda til å skrive om ein julesalme eg er glad i. Ei eg som vaksen har sett stor pris på er salmen "Nå vandrer fra hver en verdens krok" med tekst av Jonas Dahl og melodi av Kristian Lindemann, men som elles er ukjend for meg.

Det som tiltalar meg er kombinasjonen av tekst og melodi. For meg er melodien til ein salme ein svært stor del av salmen. Her har me ein "glad" melodi og ein "glad" tekst, og du finn den i Norsk salmebok nr. 59:

**Nå vandrer fra hver en verdens krok i ånden frem, i ånden frem
et uoverskuelig pilgrimstog mot Betlehem, mot Betlehem.**

**Se barna går foran, glad i flokk, så kvinner og menn, så kvinner og menn.
Selv skjelvende gamle tar sin stokk: Til krybben hen, til krybben hen!**

**For alle har samme hjertetrang til julens fred, til julens fred.
Guds kirke i Norge, ved våg og vang, følg med, følg med! Følg med, følg med!**

**Og finner du ham i krybbens hø som hyrder så, som hyrder så,
da eier du nok til freidig å dø, og leve på, og leve på.**



God jul!

Med helsing Audun Engedal

Konfirmantweekend om venskap



Frå fredag 29. til søndag 31. oktober var konfirmantane frå Høyanger, Kyrkjebø og Vadheim på overnattingsleir på Alværa misjonscenter. Heike Müller, kyrkjetenaren i Høyanger, var «kjøkkensjef» og laga god mat til oss desse dagane.

Hovudtema var «venskap» og «Jesus som ven». «Venskap» er det temaet ungdom er mest opptatt av. Men som regel vi ser ikkje Jesus som ven. Derfor ville vi utprøve ulike tilnærmingar til dette temaet, og alt vi gjorde var ein del av dette. Venskap fekk vi oppleve når vi åt saman, budde saman på rommet om natta og var saman heile dagen. Underhaldningskveldane på både fredag og laurdag skapte mykje latter og god stemning med ulike morosame leikar. Så såg vi på Jesusfilm med etterfølgjande spørjekonkurranse. Vi avslutta dagen med andakt og bøn.

Biletet øvst frå laurdag formiddag viser ei øving der ein av dei legg seg på armene til dei andre, og dei skulle bære og «transportere» vidare på «samleband». Noko som forutset å absolutt kunne stole på kvarandre.

Så blei det laga ulike spennande teaterstykke om venskap, og 3 forskjellige bibeldrama. Vi ser nede eit eksempel om forteljinga då Jesus kjem gåande på vatnet om natta og utfordrar venen sin Simon Peter å våge å komme ut til han på bølgene.



Er det mogeleg? Kva er det som skjer, då? Korleis opplevde Simon Peter og dei andre venene til Jesus det? Oppgåva var å «gå inn» i denne historia og utprøve den. Korleis det kjennest. Vere seg sjølv i denne rolla med kjensler og tankar og eigne ord. Bruke rommet. Patrick og Tobias og heile gruppa gjorde det på ein bra spennande måte. Ei historie som viser at venskap kan gje oss uante krefter, og at vener hjelper og reddar kvarandre når det trengst. Så feira vi nattverd som venskaps-måltid med jødisk matzebrød (faktisk Kapteinskjeks som liknar veldig) som vart delt, og druesaft. Søndag formiddag feira vi gudsteneste saman, som fleire foreldre også var med på. Takk for ei fin helg! Andreas prest

Toril Lange i ei livslang teneste

Det er neppe nokon andre som har hatt meir å seie for born og unge i kyrkja her i Ytre Sogn enn Toril. Eg vart kjent med henne då ho var leiar på speidarleir i Sørebdalen i 1984. Då var ho tilsett som kyrkjelydsekretær i Høyanger, og det er snart 40 år sidan. I tillegg til speidararbeid hadde ho ansvar for konfirmantar, barneklubb og eldretreff. Alværa Misjonscenter stod ferdig i 1982, og det vart samlingstad for born og unge på leir. Då eg flytta til Lavik i 1986, var Toril snar til å tilby at eg kunne vere med på leir og ha med meg veslejentane på fem år i tillegg til dei større søskena som hadde rett alder. Det seier noko om Toril si evne til å inkludere og finne løysingar.



*Frå julaftangudsteneste i Lavik kyrkje
Foto: Eirin Borlaug*

Ho fann oppgåver som passa, og eldre born vart hjelpeleiarar for dei yngre. Toril såg den einiskilde og tenkte kreativt.

Frå 1987 fekk ho Det Norske Misjonselskap som arbeidsgjevar, då ho byrja som barne- og ungdomssekretær i Sogn og Fjordane med bustad i Førde. Frå 1991 vart jobben endra til leirsekretær og områdesekretær for Ytre Sogn. Då flytta ho til Alværa og vart også til god hjelp i det lokale barne- og ungdomsarbeidet: onsdagsklubb, horisontklubb og ungdomsgruppe i tillegg til leirane. I 1994 fekk ho stilling som misjonær og vart då lærar for norske misjonær barn i Douentza i Mali. Det var ein stor dag då det i Lavik kyrkje

1. pinsedag var forbøn og utsending til teneste. Det vart då naturleg at kyrkjelyden støtta misjonsprosjektet i Mali økonomisk og ved forbøn. Dei åtte åra Toril var i Mali kom det jamleg lyseblå konvoluttar BY AIR MAIL med informasjon frå arbeidet. I 1998 var eg på studietur til Mali. Vi var to som overnatta hjå Toril. Då vi kom til området hadde ho lagt ferdig to nystrokne afrikanske kjolar som var lette og luftige i varmen. Omtanken var stor! Etter åtte år i Mali busette Toril seg på Alværa, og arbeidde i NMS med ansvar i Nordfjord og Ytre Sogn. Også i denne perioden var ho viktig for barn og unge i området. I 2010 byrja ho som kyrkjelydspedagog i Høyanger og Hyllestad med 25% av stillinga knytt til NMS-arbeid. Ho har halde fram med leirar på Alværa, med

konfirmantar og minikonfirmantar. Tårnagentopplegg i kyrkjene, myldre-samlingar, T-dagar, gudstenester og dugnad på Alværa har vore stor del av Toril sitt liv.



Konfirmantdag på Alværa 12. nov 2021
Foto: Karl Hjelmeland

Eg spør Toril kva som har vore aller kjekkast i desse åra:

Det kjekkaste er å få møte born og unge rundt om i dei ulike kyrkjelydane; både på sørsida og nordsida. Til tider har det vorte lange dagar og ganske slitsamt, men det har gitt og gir meg framleis inspirasjon. Det har vore eit privilegium å få lov å fortelje dei om Jesus og sjå kor stolte mange blir når dei får meningsfulle oppgåver i ei gudsteneste. Det er vanskeleg å plukke ut ein spesiell aktivitet, - men eg trur likevel eg vil nemne minikonfirmantar som vi starta opp med som eit prosjekt i Ytre Sogn (frå Vik til Solund) i 2004. I løpet av desse åra er det ganske mange hundre 10/11 -åringar i

området her som har vore mini-konfirmantar. Då har nok leirane på Alværa vore høgdepunkt, men for meg har også samlingane rundt lysgloben i samband med Bønevandring, gitt gode og sterke minne. - Eg er også heldig som har gode medarbeidarar rundt om i dei ulike kyrkjelydane. Utan deira engasjement, ville det vore vanskeleg å kunne gjennomføre alle desse arrangementa. Og som bonus – dei som var medarbeidarar i starten, har etter kvart blitt vener. Det er også til stor inspirasjon å ha gode kollegaer.

Toril vil nok halde fram med mange slag tenester, sjølv om ho no blir pensjonist. Men vi vonar at ho no får meir tid til barneborn og hage med blomster og grønsakdyrking. Vi ynskjer at ho og Olav får mange flotte fjellturar i lag i åra som kjem! Mange vil no takke Toril og ynskje lukke til som pensjonist! Sissel Sørebo



Familiesamling i Ortnevik
Foto: Karl Hjelmeland

«Der hvor roser aldri dør»

Vi har sikkert vore i ei gravferd der solisten framførte den kjende songen med refrenget:

*Her de blomstrer for sesongen,
Snart de visner ned og dør.
Til en by jeg er på vandring
Der hvor roser aldri dør.*

Her møter vi altså biletet av himmelen som ein by, det nye Jerusalem, fylt med roser som aldri visnar. At himmelen er ein vakker stad der glede og fred har avløyst smerte og uro er ein sentral bibelsk tanke. Himmelen er ei forlenging av paradishagen der det alltid er sommar. At denne hagen er fylt med roser, er nok ein moderne tanke som har sprunget ut av den prakt som alle nye rosesortar kan vise fram.

Paradishagen på Osland

Det næraste vi kjem ein himmelsk rosehage i vårt land må vere hos Håkon Osland i Bjordal. Han fortel at han no har ca. 860 rosebuskar, om lag 250 er ulike sortar. Og i tillegg til det har han minst like mange eksemplar av Surfinia og Begonia. I følgje Rosebladet, nr. 3/2020 er dette den største private rosehagen i Norge.

- Kvifor har du starta dette enorme prosjektet?
«Roser har eg dyrka lenge, men det var etter at kona mi, Liv, døydde i 2009 at hagen verkeleg ekspanderte. Hagen gjer at eg kan ha fokus på noko som er vakkert. Når eg kan bruke tida mi til å utvikle det vakre, så er dette den beste medisinen for kropp og sjel. Alle smerter kjem i bakgrunnen. Og dessutan er hageprosjektet svært så sosialt. Det er knapt ein einaste dag i sommarhalvåret der folk ikkje kjem innom for å få ei omvising eller slå av ein hageprat. Det kjem folk både frå innland og utland, ja, eg har til og med

opplevd at nokre kom med helikopter berre for å oppleve hagen.»

Dronninga mellom blommar

Det er knapt ei gravferd i kyrkja der det ikkje er roser i dekorasjonen. Roser har vore knytt både til jomfru Maria og til Jesus. Kven kjenner vel ikkje julesalmen «Det hev ei rose sprunget»? Håkon seier at han for sin del held seg til at rosa er dronninga mellom blomane, og sjølv om det store mangfaldet av ulike sortar har vorte utvikla i moderne tid, så finn ein likevel teikningar av roser i dei gamle pyramidane.

- Men betyr dette at det er mest stas med gamle, klassiske sortar?
«Her er det usemje mellom rosedyrkarane», seier Håkon. «Det finst ei gruppering som tykkjer det er om å gjere å legge ned store ressursar i å ta vare på gamle rosesortar, men faktum er at dei nyutvikla rosene ofte har mykje betre kvalitet og er lettare å dyrke og meir motstandsdyktige mot ulike sjukdomar.»

Skikkeleg grunnarbeid

- Kan du gje ei lita oppskrift på korleis ein best dyrkar roser i hagen?
«Finn ein solrik plass, grav ei grop som er ca. 50 cm djup og ca. 40 cm i diameter, fyll med næringsrik kompostjord. Plant så tidleg som mogeleg om våren. Kjøp helst ikkje roser i potte, men nytt barrotsrosar utan mold. Desse kan også kjøpast på nettet. Podestaden skal stå 10 – 15 cm under jorda, men fyll ikkje gropa heilt opp i starten, fyll gradvis opp gjennom sommaren. Og til sist noko som mange gløymer – sjekk om rosene er motstandsdyktige mot sopp. Mange rosesortar må sprøytast, og dette er noko ein ikkje kan drive med i vanlege

privathagar. Så bør det gjødslast om våren, helst 3 gonger. Siste gong ved jonsok. Klipping av roser skal etter gamal tradisjon gjerast når bjørka har fått «musøyre» om våren.

Håkon seier at han gjerne kan vere rådgjevar for folk som vil utvide eigen rosehage. Hos han er alle råd gratis. Folk

kan slå på tråden eller stikke innom for ei omvising og ein prat i Bjordal. Ein kan nok ikkje oppnå himmelske tilstandar med roser som aldri dør, men mange kan få ein langt friskare og fargerik rosehage ved å nytte seg av den kunnskap som ein av våre mest erfarne rosedyrkarar har tileigna seg.

Tekst og foto: Geir Sørebø



Saman i konfirmanttida

«Ein kjekk kveld», sa ein Hyllestad-konfirmant etter den vel 3-timars samlinga på Alværa 19. oktober. «Har du nokon gong tenkt over kor du høyrer heime? Kan kyrkja vera ein heim? Finst det gode grunnar for å tru på Gud? Kan salmar bety noko for unge i dag?»



Slike spørsmål var aktuelle denne kvelden der nesten 60 konfirmantar og leiarar/foreldre frå Hyllestad og Høyanger nord- og sørsida var samla. Med Saman-teamet frå Bjørgvin bispedøme på besøk vart det band, talar, dans og aktivitetar. Dette var veldig kjekt for alle saman!

Tema for saman-dagen var : Saman med Gud - Saman med kvarandre - Saman forandre.

Og når konfirmantane skulle seie noko om korleis dei hadde hatt det og kva dei hugsa, svarte dei:

- *Det var kjekt, men det vart litt for mykje program og for lite tid til å bli kjent med dei frå andre stader.*
- *Musikken og songen var bra. Kjekt med band. Flott å oppleve andre type kristne songar.*
- *Bra mat, dans, kjekke aktivitetar og spesielt vassposten. Det var langt å bere vatn.*

Undervegs i opplegget var det aktivitetar med «Hinder for rettferdighet.»

Konfirmantane vart delt i 3 grupper, og alle skulle innom alle 3 postane. Ein av postane var Saman-dansen. På dei 2 andre fekk dei kjenne litt på den urett som finst i verda. På vass-posten som vart nemnd, skulle dei bere kanner med vatn. Dei som representerte dei fattige fekk dei tyngste kannene, og dei måtte bere med samanbundne bein. Ikkje rart at ein konfirmant syntest det var langt å bere.

Med på Saman-dagen var også Farnen-presten Thor Haavik. På nettsida til Bjørgvin bispedøme kan ein lese meir: Thor Haavik, som er kapellan i Salhus, er engasjert av Bjørgvin bispedøme for mellom anna å støtta opp om konfirmant- og ungdomsarbeid. Denne våren har han besøkt fleire

kyrkjer. Tema for besøket har vore: «Gode grunner for å tro på Gud» og «Vandringen med Jesus som venn».

Og konfirmantar – når dei skulle oppsummere det som vart sagt, sa dei:

- *Ingen er like, men alle er ulike.*
- *Gud er her, og Jesus er min beste venn.*

Audun Systad/Toril Lange





BARNAS SIDE

Finn 10 blomsternamn!

Inne i rutenettet er det gøymt 10 blomsternamn. Dei står frå venstre mot høgre, eller nedover. Finn du alle?

M	B	T	K	R	O	K	U	S	T
Å	L	Ø	V	E	T	A	N	N	U
L	Å	R	N	A	S	H	A	T	S
I	K	N	A	L	F	E	L	U	E
B	L	Å	V	E	I	S	E	L	N
E	O	L	Ø	R	O	T	F	I	F
S	K	A	L	Å	L	E	R	P	R
T	K	O	T	S	E	H	O	A	Y
H	E	R	E	V	L	O	S	N	D
I	R	H	V	I	T	V	E	I	S

Finn fem feil


Vismennene knelte for Jesus, og ga

han gull, røykelse og myrra. De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Fargelegg!

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra. (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.


Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00.



Nytt frå misjonsprosjekta i Estland og Mali

Alle kyrkjelydane i kommunen har misjonsprosjekt i samarbeid med NMS.

Høyanger og Kyrkjebø støttar arbeidet i Estland, medan Lavik og Bjordal & Ortnevik har Mali som prosjektland. Kyrkjelydane sitt engasjement for Estland og Mali betyr m.a. at dei skal be for Estland/Mali og kyrkjelydane der og støtte arbeidet økonomisk. Jamleg vil ein få tilsendt informasjon og oppdatering om kva som skjer med kyrkja i Estland og Mali. Omtrent 2 gongar i året kjem det eit informasjonsbrev, og vi har klipt og omsett til nynorsk frå breva som kom i september.



FRUKTBART OG FARLEG I NORD

Uroa i Mali held fram, og det er ingen teikn til betring. Områda i nordaust, der to fulani-kyrkjelydar har blitt danna, er mellom dei farlegaste stadane i heile Mali. Både misjonærane og dei kristne som bur der treng mykje forbøn. Mange er bekymra for at situasjonen i Afghanistan skal inspirere grupper av fundamentalistiske muslimar til å oppnå det same som Taliban no har gjort i Afghanistan. Men arbeidet held fram trass i sikkerheitsrisikoen. Misjonærane frå Nigeria, som bur i den nordaustlege delen av landet, har også dette året fått minst sju nye kontaktar, tre av dei har allereie starta med regelmessig bibelundervisning. Det vert produsert radioprogram på fulani kvar veke, som vert sendt på 38 radiostasjonar. Det hender at

lyttarar tek kontakt med radiostasjonen og ynskjer seg Det nye testamentet og andre bibelbøker. Dette året har det blitt delt ut 12 nytestament, 12 bøker med første Mosebok, 12 bøker med andre Mosebok og 12 bøker med første og andre Samuelsbok. Bibelomsetjingsarbeidet startar opp att for fullt denne hausten, etter at vår lokale omsetjar er ferdig med sine hebraisk-studier. Misjonær og bibelomsetjar Anne Lise Matre går også på nytt inn i dette arbeidet frå i haust, og vil pendle til og frå Mali. Dei femten lokale tilsette i landsbyutviklingsprosjektet held fram kampen mot kjønnslemlesting av jenter.

Foto og tekst: Stina Neergård, tidlegare Mali-misjonær

FULLBOOKA BARNELEIRAR

Verda er kanskje sjukemeldt, men gleda er nær for den som søker den. Her kjem nokre små glimt frå liv og teneste i Estland. Vi startar med barneleirane. Både Mustamäe og Saku kyrkjelydar har trass i koronasituasjonen hatt tilnærma normal verksemd sidan juni. Mellom anna har kyrkjelydane arrangert leirar for born og unge. Barneleirane var fullbooka i år! På programma stod mellom anna dokke-teater («Den bortkomne sonen»), bibel-forteljingar, leikar, grillkveld, fotball, handarbeid, kakebaking, «overraskingsgjest» (politiet), god mat,

bowlingkveld (Mustamäe kyrkjelyd sin byleir) og barnegudsteneste. Deltakarane var som vanleg både frå kristne og ikkje-religiøse heimar, og tilbakemeldingane er gode. Av andre større arrangement i august, kan nemnast ei kyrkjeleg markering av 30-årsdagen for Estlands andre frigjering (20. august 1991) i Saku. Dessutan står kyrkjeleg kafédag og velsigning av skulebarn rett før skulestart 1. september «på trappene».

Foto og tekst: Magne Mølster, misjonær i Estland




Kyrkje- og misjonsdag på Alværa laurdag 15. januar kl. 10-16

Det er ei glede igjen å kunne invitere til inspirasjonssamling for kyrkjelydane i området. Det har vore ein fin tradisjon å møtast på nyåret og dele erfaring og ta opp viktige tema. «Etter korona – Norge i verda» er ei aktuell overskrift denne dagen. NMS har eit globalt perspektiv, og vi reknar med å få viktige innspel frå ein av misjonærane som no er i Norge. Vi vil også samtale om desse emna: Tilbake til gudstenestefellesskapet. Kva for andre samlingar /fellesskap har vi? Verdien av småfellesskap. Kva har vore positivt i koronatida? Klimautfordringane.

Kyrkje- og misjonsdagen kan sjåast som ein verkstad der ein deler idear og erfaringar. Du er velkommen til å komme med synspunkt eller berre lytte og ta imot. Gjennom dagen vil vi syngje songar frå ulike delar av verda. Temaopplegget blir avslutta med gudsteneste. Om ettermiddagen kan ein delta på årsmøte for NMS, Ytre Sogn område. På grunn av middagen er det påmelding til Alværa, tlf. 48990661. Alle er hjarteleg velkomne!

Områdeutvalet i NMS Ytre Sogn

På Kyrkjebakken



Mariahelg på Alværa

06. mars 2022, arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar. På Mariahelg får vi påfyll for trua vår, samtidig er det kjekt å komme ilag og ha god tid til samtale og gode historier. Det er tid til avslapping, oppleve naturen ved sjøen og ikkje minst nyte god mat!

Sidan det ikkje vart noko av den planlagte Mariahelga i 2021, køyrer vi same tema som var planlagt i fjor; «Berekraft». Hanne Schnitler frå Førde vert med som hovudinnleiar for temaet. Hanne er tidlegare drivar av butikken «Om att». Ho har hatt engasjement for miljø, gjenbruk m.m sidan ho gjekk på vidaregåande. Ho vil belyse temaet frå fleire vinklar og bevisstgjere oss på bruk/forbruk, blant anna.

Tilbod til born og unge på Sørsida

T-dagane på Sørebo vil halde fram om lag ein gong i månaden tysdag ettermiddag. Skuleborn frå 2. – 6. klasse kan hentast ved skulen etter skuletid etter avtale med foreldra. Leirane på Alværa er eit godt tilbod. Neste leir er i vinterferien, og soknerådet har vedtak om å betale kr. 200,- av leirpengane for kvart barn frå soknet. Det er også fint med familiesamlingar, så følg med kunngjeringar utover i det nye året. Øyvind, Ole og Toril inviterer ungdomsskuleelevar til å vere med konfirmantane på ungdomskveld i Gamlebanken i løpet av våren. Det blir sett opp plakatar og sendt ut invitasjonar etter kvart som arrangementa er nærare planlagt.

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Julekonsertar

- 03.12. kl.18.00 Kulturskulen har sin årlege julekonsert i Høyanger kyrkje
- 11.12. kl.17.00 Fagforeningens musikklag og kor har konsert i Høyanger kyrkje
- 12.12. kl.17.00 Den årlege julekonserten i Ortnevik kyrkje
- 19.12. kl.17.00 Kyrkjebø ungdomslag sangkor har sin årlege konsert Kyrkjebø kyrkje
- 19.12. kl.18.00 Fjordbrass har sin årlege konsert i Lavik kyrkje

Kva meiner du som bur i Vadheim og på Kyrkjebø om kyrkja?

Soknerådet vil utpå nyåret utfordre innbyggjarane til å delta i ei spørje-undersøking om kyrjelivet her. De vil møte spørsmåla i mange ulike kanalar, og vil på fleire vis kunne svare på om- og i tilfelle kva - kyrkja har å seie for akkurat deg i din livssituasjon.

For kyrkja er bygda viktig, for bygda di er du viktig, og di meining er difor viktig for kyrkja.

Kyrkjebø sokneråd

Nytt frå kyrkjeverja

Ny kyrkjeleg organisering - Sokneråda utarbeider høyringsvar

Sokneråda arbeider no med sine høyringsvar til framtidig kyrkjeleg organisering. Dette er ei sak som er sendt ut frå Kyrkerådet, og som skisserer ulike organisasjonsmodellar for på mest moglege effektiv måte drifte kyrkja slik at den opprettheld statusen som landsdekkande folkekyrkje, og samtidig på beste måte når ut med evangeliet til folket.

Slik kyrkja er organisert i dag er prestane geistlege representantar som står under biskop og prost si leiing, har bispedømerådet som arbeidsgjevar, og vert løna av kyrkja sentralt, mens dei fellestilsette står under kyrkjeverja si leiing, har fellestilsette som arbeidsgjevar, og vert løna av kommunale midlar. Denne strukturen med to ulike arbeidsgjevarar på same arbeidsplass, og der ingen har styringsrett over den andre, fungerer enkelte stader bra, men andre stader har det vore kjelde til mange utfordringar og konflikter i kyrkja. Difor er det no eit overordna mål at ein kjem fram til ein modell som samlar alle tilsette under ein arbeidsgjevar.

Men på kva nivå bør denne arbeidsgjevaren vere? Dei fleste meiner at soknet er for lite, og at kyrkeråd og bispedømeråd er for langt unna. Også det kommunale fellestilsette blir vurdert som for lite, men eit fellestilsette på prostnivå er eit av dei lanserte forslaga. Det vil vere «stort nok», og nært nok sokna.

Prostinivået består i dag berre av prosten og hans sekretær, og det må i såfall byggjast opp ein stor administrasjon for at «prostinivået» skal makte å ivareta alle arbeidsgjevaroppgåvene for alle kyrkjeleg tilsette i prostiet, inklusive prestane.

Midlane til ein felles administrasjon på prostnivå må for det meste kome frå kommunane, og vil føre til at lokale kyrjekontor nok vert tappa for ressursar. Kyrkjeverjestillingane blir i alle fall då borte. Dei kommunane som har uttalt seg, (25%), har kanskje eit syn på dette. For oss er det svært viktig at den kommunale viljen til finansiering av lokalkyrkja vert oppretthalden uansett organisasjonsmodell.

Det store spørsmålet er om omorganisering fører til effektivisering av kyrkja, eller til byråkrati og dyr drift. Kva skal vere biskopen og bispedømerådet si framtidige rolle? Og kven skal vere leiar for alle tilsette i prostiet? Her er det delte meiningar. Prestar vil ikkje bli leia av kyrkjeverje, og vice versa. Nokre meiner konsekvensane av omorganiseringa er for lite utgreidde, og atter andre meiner at ting bør vere som før. Slik går no dagane. Saka har vore drøfta og utgreidd sidan 2005, og bør no landast. Den som lever, får sjå.

Bjørnar Otterstein

Digitalisering av gravkart

Høyanger kyrkjelege fellestilsette har inngått avtale med firmaet Gravkart om innmåling av gravminne på gravplassane, og digitalisering av gravkarta på våre 8 gravplassar.

Arbeidet vert utført våren 2022. No i haust har Utestasjonen avdekkja alle fastmerker som var nedsette på gravplassane, og merka desse med ståande små stikker. Der det manglar fastmerker, t.d. i Ortnevik og i Ikjefjord, er det kjøpt inn nye fastmerke som vert sette ned til våren, samtidig med oppmålingane. Når dette er fullført, vil vi ha fullt samsvar mellom kart og terreng på gravplassane våre, og det vil lette arbeidet vårt mykje. Kyrkjeverja

I GLEDE OG SORG

DØYPTE

Høyanger kyrkje
Elida Eldevik Sleire

21.11.2021

Kyrkjebø kyrkje
Amilia Mjellelid Høyheim

24.10.2021

Lavik kyrkje
Matheo Johansson

14.11.2021



DØDE

Høyanger

15.08.2021 Milda Heggheim
30.09.2021 Borgny Thorbjørnsen
05.10.2021 Borghild Myrekrok
04.10.2021 Kjell Normann Gunnarskog
04.10.2021 Arthur Svedal
17.10.2021 Borghild Ueland
23.10.2021 Knut Myrekrok
17.11.2021 Jon Gustafson

Kyrkjebø

26.09.2021 Anne Marie Frivik Hansen
29.09.2021 Geirmund Alf Austreim
18.11.2021 Wenche Mjåtveit

Lavik

29.08.2021 Dagny Inger Hjelmeland
26.09.2021 Stig Olav Stavedal
16.10.2021 Bjørn Kristen Landås



**Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.
Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!
Hebr. 10.23-24.**

Gudstenester

24. Desember

Kl. 13.00 Vadheim v/A. Ester
Kl. 14.30 Kyrkjebø v/A. Ester
Kl. 16.00 Høyanger v/A. Ester
Kl. 14.00 Ortnevik v/G. Sørebo
Kl. 16.00 Bjordal v/G. Sørebo
Kl. 15.00 Lavik v/K. Hjelmeland

26. Desember

Kl. 12.00 Høyanger Sjukeheim v/A. Ester
Kl. 13.00 Kyrkjebø Sjukeheim v/A. Ester

02. Januar

Kl. 11.00 Kyrkjebø v/A. Ester

09. Januar

Kl. 12.00 Alværa,
Konfirmantleir v/K. Hjelmeland
Kl. 18.00 Høyanger v/A. Ester

16. Januar

Kl. 11.00 Lavik,
Tårnagenthelg v/K. Hjelmeland
Kl. 17.00 Vadheim,
Kaffigudsteneste v/A. Ester

19. Januar

Kl. 19.00 Høyanger,
Gladgudsteneste v/A. Ester

23. Januar

Kl. 11.00 Kyrkjebø, v/A. Ester
Dåp

30. Januar

Kl. 11.00 Bjordal v/A. Systad

06. Februar

Kl. 11.00 Høyanger v/A. Ester
Tårnagentgudsteneste

13. Februar

Kl. 16.00 Lavik v/A. Systad
Kl. 19.00 Kyrkjebø v/A. Ester

27. Februar

Kl. 11.00 Høyanger v/ A. Ester
Minikonfirmanthelg
Kl. 11.00 Bjordal v/K. Hjelmeland

06. Mars

Kl. 17.00 Vadheim v/A. Ester
Kaffigudsteneste

09. Mars

Kl. 19.00 Høyanger v/A. Ester
Gladgudsteneste

11. Mars

Kl. 19.00 Lavik v/K. Hjelmeland
Samtalgudsteneste

13. Mars

Kl. 11.00 Kyrkjebø v/A. Ester

20. Mars

Kl. 18.00 Høyanger v/A. Ester

27. Mars

Kl. 11.00 Bjordal v/K. Hjelmeland
Kl. 18.00 Kyrkjebø, v/A. Ester
Folkemusikkudsteneste eller
Samtalgudsteneste?

03. April

Kl. 16.00 Ortnevik v/K. Hjelmeland
Samtalgudsteneste
Kl. 18.00 Høyanger v/A. Ester
Samtalgudsteneste

10. April - Palmesøndag

Kl. 17.00 Vadheim v/A. Ester
Kaffigudsteneste



NB: Det kan skje endringar, så følg med i kalendaren på Facebook, og på heimesida vår: www.kyrkja/hoyanger/

INFORMASJON Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger



Nå er den hellige time! Vi står i stjerneskin
og hører klokkene kime. Nå ringes julen inn!

Englene synger høyt i kor,
synger om fred på vår jord.

Verden var aldri helt forlatt.

En stjerne skinner i natt!

Måla av Aisha, Ida-Emilie, Ingrid, Jenny Kristina, Johannes, Jørgen, Maren-
Andrea og Mariell på «Fredagskveld på Alværa»